



Helse Førde HF
Serviceboks
6807 FØRDE

Vår ref. 18/29-6	Dykkar ref.	Sakshandsamar Arild Ingar Læg Reid	Direktenr 97529137	Arkiv K2 - G20	Dato: 24.05.2018
---------------------	-------------	--	-----------------------	-------------------	---------------------

Høyringsvar - rapport prosjekt prehospital tenester fase 1

Rapporten for fase 1 i prosjekt Prehospital tenester er sendt ut på høyring, med høyringsfrist 30. mai 2018. Årdal kommune sender med dette høyringsuttale.

Årdal kommune har 5200 innbyggjarar. Vi har ei alderssamansetnad med aukande tal eldre. Ei eldre befolkning treng meir helsetenester enn yngre då forekomst av sjukdom aukar med alderen.

Årdal kommune har i dag 1 døgnambulans. Vi har lang reiseavstand til Førde sjukehus, og 46 km til næraste lokalsjukehus. Ambulansoppdrag til Helse Førde eller Helse Bergen er på hhv 160 km og 250 km tar 4 - 8 timar å gjennomføre. I denne tida er ikkje ambulansen tilgjengeleg i Årdal. I tillegg har Årdalsambulansen oppmøte i Lærdal kvar dag, noko som medfører redusert responstid og svekka beredskap for Årdal kommune

Årdal kommune deltar i interkommunal legevakt saman med Lærdal og Aurland, og legevakten er lokalisert i Lærdal. Sogn IKL er eit stort legevaktdistrikt og dette gjev lang avstand til legevakta frå utkanten av distrikta. Dersom lege er på oppdrag i Flom, tar det over 1 time før legen er tilbake til Årdal kommune. Ambulansen er derfor viktig i høve til den akuttmedisinske beredskapen i Årdal kommune for å kunne handtere dei mest akutte tilfella. Statistikk viser at ambulansen i Årdal har flest oppdrag i kategori haster (gul respons) og mange oppdrag som er akutte(raud respons) .Ambulansetenesta er dei einaste med akuttmedisinsk kompetanse som er på vakt i Årdal kommune, og er ein føresetnad for legevaktsamarbeidet i Sogn IKL. Legane ved Sogn IKL rykker ut på 52% av akuttoppdraga i Årdal kommune, mot 78% i Lærdal, noko som viser behovet for styrka ambulanseteneste i Årdal. Fastlegane er og avhengig av ei tilgjengeleg ambulanseteneste.

Luftambulansen skal utgjera eit viktig kompensierende tiltak i dei delane av fylket der responstida for bilambulansar ligg over den nasjonale målsetjinga om å nå 90 prosent av befolkninga innan 25 minutt i grisgrendte strom. Luftambulansen i Førde avviste 31 % av førespurnadene, 15 % av avviste oppdrag skuldast vertilhøve og 12 % samtidskonflikt. Luftambulanslege kan avslå oppdrag grunna vertilhøve, i slike situasjonar er ein avhengig av bilambulans og legevakt.

Årdal kommune gjennomførte risikovurdering av akuttberedskap i 2017. (vedlegg) Årdal kommune er sårbar i høve til infrastruktur. Kommunen kan verta heilt isolerte grunna ras, og reiseveg til sjukehus kan verta betydeleg forlenga ved stengde vegar.

Hydro Aluminium er bedrift med storulukke-potensiale og vurdert til å ha høg risiko for alvorlege brann, klem, kutt, brudd og fallskader.

Forsvarleg prehospital beredskap kan kun løysast ved å oppretthalde eller auke ambulansetenesta i Årdal kommune. Ambulansen var framme innan 25 minutt i 85,5% av tilfella i 2016. På bakgrunn av risikoanalysen av akuttberedskap meiner Årdal kommune at ambulansetenesta må styrkast for at ein skal nå den nasjonale målsettinga om å nå 90% av befolkninga innan 25 minutt i grisgrendte strom.

Helse Førde må sikre at felles beredskapsøvingar vert gjennomført i hht gjeldande avtale. Ein bør ta i bruk BEST – konseptet i øvingane. Ein bør sjå på mogeleg samarbeid mellom tilsette i ambulansetenesta i beredskap og øvrig helseteneste i kommunen.

Med helsing



Arild Ingar Lægreid

Ordførar